

# Landskapet i Vestland — i eit fugleperspektiv

Stein Byrkjeland  
miljøavdelinga



**Statsforvaltaren i Vestland**



17. januar 2023

Det norske landskapet er mangfoldig...  
*...men landskapet er best når det er liv i det!*



Nyleg vart art nr 50 000 i Noreg påvist

*Det er rekna ut at vi kan ha 72 190 artar i landet vårt*

© Ingvar Grastveit



Berre vel 500 av desse er fuglar. Likevel får fuglar gjerne langt meir fokus enn andre grupper av dyr og plantar.

Kvifor er det slik?  
Og er det eit problem?

## Fuglane har nokre fortrinn

Dei er ofte lette å registrere, og fuglelivet engasjerer mange av oss. BirdLife Norge har 12 500 medlemmer (2021).

Mange av desse er avanserte amatørornitologar som bruker mykje tid ute i naturen. Dei er flinke til å rapportere og dele kunnskapen med andre.

Dermed veit vi mykje meir om fuglar enn andre organismegrupper – både om førekomst, levesett og økologi.

Fuglar er oftast langt oppe i næringskjedene. Dermed kan vi sei mykje om tilstanden i økosystema ved å følgje med korleis fuglebestandane utviklar seg

*Dei problema som fuglane møter i dag, vil ofte bli våre om 10-20 år!*



«Har fuglane det bra, har vi det bra!»


© Julian Bell



Diverre er det mange fuglar som ikkje har det så bra i den norske naturen.

Det skuldast i stor grad faktorar som vi menneske har skapt og må ta ansvar for.

## 40% av norske fuglearter står i dag på raudlista




Det skuldast at dei har vore i urovekkande tilbakegang i løpet av dei siste 3 generasjonane.

Ei prioritert oppgåve er å forvalte desse artane *ut av* raudlista, altså å stogge tilbakegangen.

Men – aller viktigast er at vi ved vedtak og tiltak *opprettheld* naturens produksjonsevne. Vanlege artar må forvaltast slik at dei forblir vanlege, elles vil mykje viktig natur gå tapt.

*Alt som lever i naturen, lever av noko anna som lever eller har levd. Om bestandane har tilstrekkeleg tilgang på mat, er den viktigaste utfordringa løyst.*



## Denne vinteren er ekstra krevjande for mange finkar og meiser

Om det ikkje er sultkatastrofe på fuglebrettet, så har i alle fall ein del overvintrande fuglar fått redusert næringstilbod denne vinteren.

Prisen på solsikkefrø er mest dobla sidan i fjor.

Det meste av solsikkefrø på den norske marknaden er nemleg produsert i Ukraina eller Ungarn.



# Korleis kan vi endre på dette? Når kan vi restaurere natur? Og kva tiltak bør prioriterast?

- ★ Vi må ha nok kunnskap om økosystemet
- ★ Vi må ha god samhandling med grunneigar
- ★ Vi må ha aksept i samfunnet
- ★ Vi må kunne finansiere tiltaka

... og vi treng inspirasjon og pågangsmot.  
Mykje av det!



# Åkre og Vikane naturreservat 16. oktober 2021 — før restaurering

I dette naturreservatet finst  
noko av den aller viktigaste  
naturskogen vi har i Vestland.

Men naturskogen er  
fragmentert av 5 tette  
monokulturar med innplanta  
norsk gran.

Ein kan få god økologisk  
effekt ved å gjere viktig  
naturskog meir  
samanhengande, men tiltak er  
kostbare og må prioriterast  
strengt.

Vi er no inne i FN's  
internasjonale tiår for  
naturrestaurering. Slike tiltak  
er no høgt prioritert av  
statlege miljøstyresmakter.

# Åkre og Vikane naturreservat 11. januar 2023 — etter restaurering

Over 6000 m<sup>3</sup> med tett planteskog er fjerna. Ei slik hogstflate er like lite verdfull for naturmangfaldet som ståande planteskog, men desse frigjorte areala skal på sikt revegeterast med naturskog.

Om 20-25 år eller så vil dette arealet få utvida økologisk funksjon.

Om 70-80 år vil det vere viktig naturskog her.





# Ein del artar i naturskogen er arealkrevjande

## Døme: Kvitryggspett

Store hekketerritorier — 1,5 km<sup>2</sup>

Kan hente mat frå gode næringsområde 6-10 km unna reiret

Slike krav er vanskelege å innfri i verneområde åleine

## Sverige

- Berre 3 hekkepar att (2015)
- Handlingsplanen for arten rår til å bruke SEK 200 000 000 for å få tilbake ein livskraftig bestand
- 200 andre raudlisteartar vil nyte godt av at handlingsplanen vert gjennomført

## Kva hende med granmeisa?


Granmeisa var ein av dei aller vanlegaste fugleartane i Vestlandsskogane. Det er den ikkje lenger.

Tilbakegangen har skjedd dei siste åra, og den ser ut til å vere sterk. Arten er no vurdert som *sårbar* på den norske raudlista.

Kvart år vert bestanden redusert med 5%, total tilbakegang i perioden 2010-2019 er 26-49%.

Tilsvarande tal for Sverige er ca 20%, og for Finland heile 50-80%!

*Vi kjenner ikkje årsakene til denne dramatiske endringa. Men så stor og så rask bestandsendring vil oftast ha samanheng med at næringstilbodet har endra seg i omfattande grad.*





## Fuglane kan tilpasse seg – stundom

Kongeørna er ein utbreidd art i Skandinavia. Den hekkar gjerne i store, forgreina og gamle tre, som kan gje støtte for dei store kvistreira.

I Sverige er gjennomsnittsalderen på kongeørna sine reirtre 350 år.

Så gamal skog har vi mest ikkje på Vestlandet. Så her hekkar kongeørna i bergveggar i staden.

# Vipene på Herdla


## Frå 0 til 100 på 10 år





# Vipe

— bestandutvikling Herdla



# Samarbeid og kunnskapsutveksling



År med målretta innsats gjer at vi har fått vipene tilbake til Herdla. Det går motsatt veg mest alle andre stader.

I dag hekkar oppunder 2% av den resterande norske bestanden i dette eine naturreservatet.

Ein viktig faktor er samhandlinga mellom grunneigarane. Det er berre to grunneigarar i Herdla naturreservat: Miljødirektoratet og Herdla gård.

Utan samhandlinga med Herdla gård hadde det neppe hekket ei vipe på Herdla i dag.





KYSTVERKET

N60.66153, Ø5.15013



600m

N60.60765, Ø5.03464

Kystverket

## Storspoven slit, som mange andre fuglar i kulturlandskapet

Mange bakkehekkande fuglar som høyrer til i kulturlandskapet er inne i ei sterkt negativ bestandsutvikling, og har vore det i mange år.

Interesserte bønder kan få tilskot til å hjelpe desse artane.

Storspoven er ein slik art. Restbestanden av storspove i Vestland er i dag ikkje stor. Den held seg helst i ope landskap på kysten, i mosaikk mellom myr og kystlynghei, og gjerne noko dyrka mark og beitemark.



# Vi kan hjelpe storspoven til ei betre framtid

Storspoven kan ha fordel av at det er ein del dyrka mark i territoriet, men drifta av jordbrukslandskapet må tilpassas noko...


*...og kanskje må vi slutte å definere slikt som «nydyrking».*



## Kommunen kan gjere mykje


Ein kan til dømes gjere som i Austrheim, der kommunen av eige initiativ har sett av desse våtmarksområda som «hensynssone bevaring naturmiljø» i kommuneplanen.

Purkebolvatna er den største kjende overnattingsplassen i landet for låvesvaler under hausttrekket, med opp til 12 000 individ på det meste.



## Våtmarksfugl – meir krevjande å forvalte på Vestlandet enn elles

Mange av dei internasjonalt viktige våtmarkene er næringsrike biotopar over store areal. Slik er det ikkje på Vestlandet. Men våtmarkene er viktige å forvalte også her.




© Frode Falkenberg


Hekkebestanden av ender i Bergen kommune vart taksert i 1983 og 1984.

Vi fann 370 par stokkand og 65 par krikkand. I seg sjølv er ikkje dette så lite. Men bestanden var spreidd på 98 ulike lokaliteter.

Dette er ei utfordring slik vi ofte driv arealforvaltning, for bestanden ved kvar einskild lokalitet er ofte så liten at den er vanskelegare å argumentere med når planar om inngrep skal vurderast.

*(Kjelde: Byrkjeland, S., Håland, A, Mjelstad, H. & Sætersdal, M. 1984)*





## Lomvien er kritisk trua i Noreg

Å vere kritisk trua betyr at det er 50% sjanse for at bestanden døyr ut i løpet av 3 generasjonar. 3 lomvigenerasjonar er 45 år.

I Vestland har arten vore utrydda ei tid, særleg i søre delen (Hordaland).



«Lomvijakt», måla av Lauritz Haaland 1902





# Ternene i Lurefjorden


Lurefjorden vart verna som marint reservat i 2020. Det er til lita hjelp for ternene...

Bestanden av makrellterne og raudnebbterne i Lurefjorden er redusert med 97% på 30 år: Frå 270 par i 1980 til berre 8 par i 2011.


Ungeproduksjonen var 0 i 2011.



Situasjonen er den same i heile Sør-Noreg, men den negative utviklinga vart først registrert i Hordaland, og dfen er sterkast her.

1980



2011





## Kva hende med ternene på Vestlandet?

I Lurefjorden har ternene hatt ein tilbakegang på 97% i løpet av 30 år.

Tilbakegangen er like sterk for den kysthekkande bestanden av fiskemåse.

Utviklinga skuldast i hovudsak vedvarande næringssvikt. Det meste var betre før. Ikkje så reint lite, faktisk.

# Kan bestanden av fjordbrisling i Hardangerfjorden byggast opp att?

Hardangerfjord villfisklag sende i mai 2022 brev til fiskeriministeren, med oppmoding om å frede brislingen i indre delar av Hardangerfjorden i 10 år.

Dei meiner at ein på denne måten kan bygge opp att bestanden, til stor fordel for mellom anna sjøauren i regionen.

Om eit slikt tiltak fungerer, vil det gje synergieffektar for også andre fiskeslag i fjorden, og ikkje minst sjøfuglane.

Og ikkje minst: Då kan ein i framtida hauste vesentleg større kvanta enn i dag.



## Situasjonen er vesentleg betre for dei store måsane



Dette området var den største hekkolonien for sildemåse i Hordaland rundt år 2000.

Då vart det bygd eit stort tal bustadhus i området, etter godkjend reguleringsplan. Måsane var ikkje noko tema i saksutgreiinga.

## When the going gets tough, the tough get going!



...men enno bur nær 20% av sildemåse-bestanden i Hordaland i dette krateret!

Måsane nektar å flytte, sjølv om mange av huseigarane truleg er lite nøgd med det.

Det er ingen grunn til å halde naturverdiar skjult når ein planlegg inngrep i naturen. Ikkje er det lov heller!

# Bestandsutvikling Hardangervidda nasjonalpark 1981-2021

Eit stort fleirtal av artane har gått tilbake.  
For mange er tilbakegangen svært sterk.

Bestandsutvikling	Fuglar	Pattedyr
Positiv	4	2
Nøytral	9	0
Negativ	36	9
Usikker	1	3

## Kva skjer med stankelbein i fjellet?



Det finst 2 vanlege artar stankelbein på Hardangervidda. Dette er store insekt som er basiskost for mange andre artar på Hardangervidda.

Trond Hofsvang undersøkte mengda av desse artane under IBP-prosjektet på 1970-talet. Noko drastisk synest å ha skjedd med førekomsten av stankelbein.



## Når såg du sist eit slikt fuglebilete?

Tok du eit fuglebilete på Hardangervidda tidleg på 1980-talet hadde fuglen nesten alltid ein stankelbein i nebbet.

Slike bilete ser du ikkje mange av lenger.


Diverre ser du ikkje så mange blåstruper heller...



# Rypejakta i Eidfjord

Eidfjord fjellstyre har taksert rypebestanden på statsallmenningen sidan 2008.

Det vart tillete jakt på allmenningen i 2008. Då var jakta så dårleg at jegarane fekk tilbod om å få pengane tilbake om dei stogga jakta.



## Grågåsa har blitt vestlending att! Kjekt, sjølvsagt! Men ikkje alle er nøgde...

På 1970-talet var det sterk otte for at grågåsa skulle forsvinne heilt frå norsk fauna. Då var det berre nokre ytterst få hekkepar att i Vestland.

Nordmenn samla faktisk inn pengar for å kunne kjøpe opp viktige overvintringsområde i Spania.

På 1990-talet snudde utviklinga. Ingen veit heilt årsaka, men i dag har vi kanskje rundt 1000 hekkepar i Hordaland, og ein del mindre i Sogn og Fjordane.



## Bli med på gåseseminar i mars!

Den uventa bestandsveksten er ikkje problemfri for bøndene på Vestlandet. Avlinga vert påverka der det er mykje gås, og bøndene fekk ei utfordring dei ikkje var kjende med.

Det er kommunane som forvaltar grågåsa. Gåseforvalting er krevjande, og søknader som skadefelling er ikkje lette å handtere. Difor vil Norges Bondelag saman med Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune arrangere eit gåseseminar i Vestland i våren 2023.



# Havørna i Noreg — eit døme på vellukka kunnskapsbasert forvaltning



## 1970-talet:

1 eller 2 hekkepar i Hordaland, om nokon i det heile.

## 2022:

> 150 hekkepar i Hordaland, og bestanden aukar litt framleis.

Bestanden er om lag like stor i Sogn og Fjordane, kanskje litt større.

Aldri før har det vore så stor aksept i samfunnet for å ta vare på verdfull natur.

Aldri før har utfordringa vore større.

Aldri før har det vore meir midlar til rådvelde for å restaurere viktig natur.

---

Vi må setje omsyn til naturmangfoldet framfor det meste anna,  
og vi må snu negativ bestandsutvikling når det er mogleg.

Då vil fuglene få det betre.

*Då vil vi få det bra!*